



MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: 1. etg., Samfunnshuset i Volda
Dato: 28.01.2016
Tid: 14:00

Faste medlemer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Hild Våge	Medlem	AP
Margrete Trovåg	Medlem	AP
Uthman Abu Harbid	Medlem	AP
Bjørn Ytrestøyl	Medlem	AP
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Roald Arnold Espset	Medlem	FRP
Sindre Kvangarsnes	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H
Sindre Rotevatn	Medlem	H
Per Svein Krøvel	Medlem	H
Arild Iversen	Medlem	KRF
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Henning Holsvik	Medlem	KRF
Erlend Koppen	Medlem	KRF
Erlend Krumsvik	Medlem	KRF
Øyvind Festø	Medlem	MDG
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Rebecca Riise Bjerknes	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Åshild Vik	Medlem	SV
Benedikte Holmberg	Medlem	V

Faste medlemer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Magnar Sunde	Medlem	AP
Jon Georg Dale	Medlem	FRP

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Anne Lise Fredly	Magnar Sunde	AP
Jenny Venås	Jon Georg Dale	FRP

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Nina Kvalen	Spesialrådgjevar innvandring og integrering
Per Ivar Kongsvik	Oppvekstsjef - sak PS 7/16 og 9/16

Det var 26 røysteføre til stades ved møtestart. Sølvi Dimmen kom kl. 14:10 under orienteringa. Det var då 27 røysteføre til stades.

Under handsaming av sak PS 9/16 fekk Erlend Krumsvik permisjon og var ute ei stund. Magny Fyelling tok sete som vara til Erlend Krumsvik tok sete att.

Odd A. Folkestad, Jenny Venås og Margrete Trovåg fekk permisjon og gjekk kl. 19:20 under handsaming av sak PS 11/16. Det var då 24 røysteføre til stades i framhald av møtet.

Åshild Vik fekk permisjon og gjekk kl. 19:40 før handsaming av sak PS 12/16. Det var då 23 røysteføre til stades i framhald av møtet.

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 1/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/16	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 3/16	Voldsfjordkryssing AS (Sus)
PS 4/16	Oppmoding om busetjing av flyktningar 2015 - 2019
PS 5/16	Fritak frå eigedomsskatt i 2016 etter § 7
PS 6/16	Fritak frå eigedomsskatt etter § 7 a, Studentsamskipnaden
PS 9/16	Flytting av ungdomssteget ved Austefjord skule - iverksetjing av vedtak
PS 7/16	Retningsliner for utmåling av kommunalt tilskot til private barnehagar f.o.m. 2016
PS 8/16	Målbruksplan - Volda kommune
PS 10/16	Rådgevande folkerøysting om intensjonsplan for å slå saman Volda kommune og Ørsta kommune
PS 11/16	Oppfølging vedtak punkt 22 i budsjett 2016 - Organisering av prosessar for frigjering av ressursar

PS 12/16	Søknad om fritak frå verv i kontrollutvalet - Håvard Strand
PS 13/16 OS 1/16	ORIENTERINGSSAKER Informasjon om kommunereforma
OS 2/16	Har kommunen tilstrekkelig tilbud om sykehjemsplasser i forhold til lovkrav?
OS 3/16	Referat frå partnerskapsmøte NAV Ørsta/Volda 20.11.15
OS 4/16	Plakat "Flyktningkrisen og kommuner/frivillige - gode råd for samarbeid"
PS 14/16	DELEGERTE SAKER FRÅ AVDELINGANE
DS 1/16	Ramme- og igangsettingsløyve, einebustad og garasje Gbr 30/404
DS 2/16	Ferdigattest, påbygg Gbr 157/43
DS 3/16	Løyve til endring Gbr 131/7
DS 4/16	Ferdigattest, bygg for settefiskanlegg Gbr 131/23
DS 5/16	Løyve til tiltak, teknisk anlegg Gbr 37/10
DS 6/16	Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 11/82
DS 7/16	Ferdigattest, tilbygg Gbr 28/2
DS 8/16	Igangsettingsløyve Gbr 19/28
DS 9/16	Løyve til endring Gbr 27/5
DS 10/16	Løyve til endring Gbr 11/100
DS 11/16	Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 107/81
DS 12/16	Løyve til endring, ansvarsrett Gbr 30/219
DS 13/16	Igangsettingsløyve Gbr 18/376
DS 14/16	Løyve til tiltak, veg/parkeringsplass Gbr 20/159
DS 15/16	Igangsettingsløyve Gbr 18/312
DS 16/16	Mellombels bruksløyve, delar av tiltaket Gbr 30/194

PS 1/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innkalling

Innkalling med sakliste vart lagt ut på lesebretta og publisert på heimesida den 21.01.15.

Røysting:

Innkallinga vart samrøystes godkjent.

Ordføraren sa at møtet var lovleg sett.

Sakliste

Ordføraren informerte om at planleggar Regine Solberg Aklestad ville orientere om arbeidet med rullering av kommuneplanen, samfunnsdelen.

Røysting:

Saklista med tillegget frå ordføraren vart samrøystes vedteken.

Dokument lagt ut på lesebretta den 27.01.16:

Referat frå møte i forhandlingsutvalet den 21.01.16 - kommunereform Volda Ørsta. Referatet vert lagt til som dokument i sak OS 1/16.

Orienteringar:

- Planleggar Regine Solberg Aklestad orienterte om arbeidet med rullering av kommuneplanen.
- Tre representantar frå ungdområdet overleverte til rådmann, ordførar og varaordførar. "Innspel frå barn og unge til kommuneplanen for Volda 2016-2028". Dokumentet vart også delt ut til representantane i kommunestyret.
- Utviklingsplanen for Volda sentrum vart utdelt.
- Neste møte den 25.02.16 vert eit heildagsmøte der kommuneplanen vert tema.
- Ordføraren minte om møte i valnemnda i ein pause.

PS 2/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Røysting:

Møteprotokollen frå førre møte den 17.12.15 vart samrøystes godkjent.

PS 3/16 Voldsfjordkryssing AS (Sus)

Tilråding i formannskapet - 19.01.2016 til kommunestyret:

1. *Kommunestyret godkjenner at Volda kommune går inn som aksjeeigar i selskapet Voldsfjordkryssing AS (sus).*
2. *Kommunestyret godkjenner for sin del forslag til vedtekter og aksjeeigaravtale i samsvar med vedlegg 1 og 2 i denne saka.*

3. ***Kommunestyret gir formannskapet fullmakt til å skipe selskapet på vegne av Volda kommune og aktuelle samarbeidspartar. Selskapet skal primært arbeide med Voldsfjordkryssing.***
4. ***Formannskapet får fullmakt til å gjere evt. naudsynte tilpasningar som følgje av dei drøftingar som følgjer av pkt. 3.***
5. ***Kommunestyret viser til at Volda kommune sin del av aksjekapital, kr 300.000, tidlegare er vedteken dekt ved bruk av ubunde disposisjonsfond.***

Handsaming:

Øyvind Festø, MDG, kom med fylgjande framlegg:

Kommunestyret utsett saka til Regjeringa har lagt fram dei varsla endringane i ferjeavløysingsordninga for Stortinget.

Grunngjeving:

Sidan intensjonsvedtaket i kommunestyret i august -15 om oppretting av eige bruselskap, er det varsla nye vilkår for ordninga med ferjeavløysingsmidlar.

I administrasjonen si tilråding til formannskapet 19.01.2016 er rådmannen tvetydig. Han refererer til ei tilråding frå samferdselsdepartementet 20.11.15 og skriv mellom anna: "Når no regjeringa i statsråd 20.11.15 seier at dei sinare vil kome tilbake til Stortinget med ei konkretisering av forslag til endringar i rammene for ordninga, meiner rådmannen at skiping av eit lokalt "bompengeselskap" i utgangspunktet bør vente til desse rammene er klare."

I tilrådinga vert det også framheva at ordninga i større grad vert knytt til prosjekt som skal gjennomførast av selskapet Nye veier AS. I dag har dette selskapet ingen prosjekt på vestlandet.

Røysting:

Utsettingsframlegget frå Øyvind Festø fekk tre røyster og fall. 24 røysta mot.

Gunnar Strøm, SV, kom med fylgjande tilleggsframlegg:

Parallelt med utgreiinga av brusamband ber KST administrasjonen arbeide hardt inn mot fylke og stat for å få auka overføringer til ferjedrifta. 0/lågutslepps-pendelferjer med avganger kvart 20. minutt og utvida opningstid, inkludert nattferge på samband Volda-Folkestad og Volda-Lauvstad, vil vere eit godt og miljøvenleg alternativ til nye bru- og tunnelloysingar.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet i fem punkt fekk 26 røyster og vart vedteke. Ein røysta mot.

Framlegget frå Gunnar Strøm fekk 11 røyster og fall. 16 røysta mot.

Vedtak i Kommunestyret - 28.01.2016

- 1. Kommunestyret godkjenner at Volda kommune går inn som aksjeeigar i selskapet Voldsfjordkryssing AS (sus).*
- 2. Kommunestyret godkjenner for sin del forslag til vedtekter og aksjeeigaravtale i samsvar med vedlegg 1 og 2 i denne saka.*
- 3. Kommunestyret gir formannskapet fullmakt til å skipe selskapet på vegne av Volda kommune og aktuelle samarbeidspartar. Selskapet skal primært arbeide med Voldsfjordkryssing.*
- 4. Formannskapet får fullmakt til å gjere evt. naudsynte tilpasningar som følge av dei drøftingar som følgjer av pkt. 3.*
- 5. Kommunestyret viser til at Volda kommune sin del av aksjekapital, kr 300.000, tidlegare er vedteken dekt ved bruk av ubunde disposisjonsfond.*

PS 4/16 Oppmoding om auka busetjing av flykningar i 2016 OG 2017

Tilråding i formannskapet - 19.01.2016 til kommunestyret:

- 1. Kommunestyret er positiv til å busetje 28 vaksne flyktningar og familiar kvart av åra 2016 og 2017. Einslege mindreårige og familiesameiningar kjem i tillegg.*
- 2. Kommunestyret vil ta stilling til oppmoding frå IMDi om å busetje 12 einslege mindreårige flyktningar i 2016 og 17 i 2017 i eiga sak i februar/mars. Kommunestyret vil da sjå dette i samanheng med organisering, kapasitet i tenestetilbodet, samt staten si finansieringsordning av kommunen sine utgifter. Desse vil ev. kome i tillegg til tal flyktningar som skal busetjast i pkt. 1.*
- 3. Kommunestyret ber administrasjonen legge fram sak for politisk handsaming om ventestønad og etablering, med sikte på å effektivisere busetjings- og etableringsarbeidet.*
- 4. Kommunestyret ber administrasjonen legge fram sak for politisk handsaming om organisering av eit tiltaksapparat i kommunalt regi for samordning og samarbeid om tiltaksplassar for flyktningar og andre som treng aktivitet, språk- og arbeidstrening.*
- 5. Kommunestyret godkjenner ei låneramme på kr 6 mill., utover det som vert utløyst i bustadtilskot, for kjøp/bygging av bustader til flyktningar. Bustadene skal vere sjølvfinansierande, og finansierast ved låneopptak, bustadtilskot frå Husbanken og husleige. Administrasjonen får i fullmakt å legge inn bod og inngå kjøpekontrakt på private bustader.*

Handsaming:

Odd-Harald Sundal, SP, kom med fylgjande tilleggsframlegg som nytt pkt. 6:

Administrasjonen kjem attende med sak om å dekke framtidig behov for bustadbygging for flyktningar som skal busetjast i Volda. Der ein vurderer alternative samarbeidsformer for bustadbygging.

Punktvis røysting:

Pkt. 1 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Pkt. 2 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Pkt. 3 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Pkt. 4 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Pkt. 5 i tilrådinga frå formannskapet fekk 25 røyster og vart vedteke. To røysta mot.

Odd-Harald Sundal sitt framlegg til pkt. 6 vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 28.01.2016

- 1. Kommunestyret er positiv til å busetje 28 vaksne flyktningar og familiar kvart av åra 2016 og 2017. Einslege mindreårige og familiesameiningar kjem i tillegg.*
- 2. Kommunestyret vil ta stilling til oppmoding frå IMDi om å busetje 12 einslege mindreårige flyktningar i 2016 og 17 i 2017 i eiga sak i februar/mars. Kommunestyret vil da sjå dette i samanheng med organisering, kapasitet i tenestetilbodet, samt staten si finansieringsordning av kommunen sine utgifter. Desse vil ev. kome i tillegg til tal flyktningar som skal busetjast i pkt. 1.*
- 3. Kommunestyret ber administrasjonen legge fram sak for politisk handsaming om ventestønad og etablering, med sikte på å effektivisere busetjings- og etableringsarbeidet.*
- 4. Kommunestyret ber administrasjonen legge fram sak for politisk handsaming om organisering av eit tiltaksapparat i kommunalt regi for samordning og samarbeid om tiltaksplassar for flyktningar og andre som treng aktivitet, språk- og arbeidstrening.*
- 5. Kommunestyret godkjenner ei låneramme på kr 6 mill., utover det som vert utløyst i bustadtilskot, for kjøp/bygging av bustader til flyktningar. Bustadene skal vere sjølvfinansierande, og finansierast ved låneopptak, bustadtilskot frå Husbanken og husleige. Administrasjonen får i fullmakt å legge inn bod og inngå kjøpekontrakt på private bustader.*
- 6. Administrasjonen kjem attende med sak om å dekke framtidig behov for bustadbygging for flyktningar som skal busetjast i Volda. Der ein vurderer alternative samarbeidsformer for bustadbygging.*

PS 5/16 Fritak frå eigedomsskatt i 2016 etter § 7

Tilråding i formannskapet - 19.01.2016 til kommunestyret:

- 1. Med heimel i eigedomsskattelova § 7a vert eigedomar på vedlagde liste fritekne frå eigedomsskatt.*
- 2. Med heimel i eigedomsskattelova § 7b vert eigedomen med gnr 13 bnr 1 og "Kulturbakkane" gitt fritak frå eigedomsskatt.*
- 3. Med heimel i eigedomsskattelova § 7c vert nyoppførte bygningar som heilt eller delvis vert nytta til husvære fritekne frå eigedomsskatt i 1 år (første året etter bustaden er tatt i bruk). Fritaket gjeld ikkje for fritidsbustadar.*

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 28.01.2016

- 1. Med heimel i eigedomsskattelova § 7a vert eigedomar på vedlagde liste fritekne frå eigedomsskatt.*
- 2. Med heimel i eigedomsskattelova § 7b vert eigedomen med gnr 13 bnr 1 og "Kulturbakkane" gitt fritak frå eigedomsskatt.*
- 3. Med heimel i eigedomsskattelova § 7c vert nyoppførte bygningar som heilt eller delvis vert nytta til husvære fritekne frå eigedomsskatt i 1 år (første året etter bustaden er tatt i bruk). Fritaket gjeld ikkje for fritidsbustadar.*

PS 6/16 Fritak frå eigedomsskatt etter § 7 a, Studentsamskipnaden

Tilråding i formannskapet - 19.01.2016 til kommunestyret:

Kommunestyret viser til Eigedomsskattelova 7a og gjev studentsamskipnaden i Volda fritak for eigedomsskatt. Dette vert dekt ved bruk av ubundne disposisjonsfond.

Handsaming:

Sindre Rotevatn, H, kom med fylgjande framlegg som var lik administrasjonen si tilråding:

Studentsamskipnaden for Sunnmøre får ikkje fritak frå eigedomsskatt etter § 7 a i lov om eigedomsskatt.

Røysting:

Ved alternativ røysting mellom Sindre Rotevatn sitt framlegg og formannskapet si tilråding, fekk Rotevatn sitt framlegg 14 røyster og vart vedteke. Tilrådinga frå formannskapet fekk 13 røyster og fall.

Vedtak i Kommunestyret - 28.01.2016

Studentsamskipnaden for Sunnmøre får ikkje fritak frå eigedomsskatt etter § 7 a i lov om eigedomsskatt.

PS 9/16 Flytting av ungdomssteget ved Austefjord skule - iverksetjing av vedtak

Tilråding i formannskapet - 19.01.2016 til kommunestyret:

- 1. Kommunestyret tek til vitende at administrasjonen planlegg å flytte ungdomssteget ved Austefjord skule, jfr kommunestyret sitt vedtak 30.01.2014.*
- 2. Kommunestyret tek orienteringa om skuleskyssen for elevane som skal ta til ved Volda ungdomsskule frå hausten 2016 til vitende.*
- 3. Kommunestyret legg til grunn at fylkeskommunen organiserer eit skysstilbod for elevane som stettar rettane elevane har etter opplæringslova.*
- 4. Ordføraren og administrasjonen vert beden om å møte foreldra for å drøfte løysingar for skuleskyssen.*

Handsaming:

SP v/Rebecca Riise Bjerknes kom med fylgjande framlegg som var lik vedtaket i driftsstyret i tillegg til eit nytt pkt. seks:

Kommunestyret meiner at 7 elevar ved ein ungdomsskule er for lite. Kommunestyret kan likevel ikkje gjennomføre ei nedlegging av Austefjord ungdomsskule med den skuleskyssen som er skissert i dag.

1) nedlegginga av Austefjord ungdomsskule vert utsett, og skal handsamast seinast på ny i forkant av budsjett for 2017.

2) kommunestyret ber administrasjonen utgreie fullstendige kostnader med eigne tilbringarruter frå Høydalen, Osdalen og direkterute til og frå ungdomsskulen forkant av ny handsaming

3) kommunestyret ber administrasjonen gå i nye forhandlingar med fylket om ein betra skuleskyss for Austefjordelevane

4) Kommunestyret bed administrasjonen jobbe vidare med ei avklaring frå Ørsta med tanke på Bjørkeelevane.

5) det skal setjast ned ei arbeidsgruppe som jobbar i lag for å få til ei best mogleg og langsiktig løysing for ungdomsskuleelevane frå Austeffjorden. Gruppa skal bestå av ein frå administrasjonen, ein foreldrerepresentant og ein politikkrepresentant. Administrasjonen kallar inn til fyste møte.

6) Tapte innsparingar vert dekkja av ubundne disposisjonsfond.

Erlend Krumsvik fekk permisjon og gjekk. Det var 26 røysteføre til stades.

Henning Holsvik, KRF, kom med fylgjande framlegg som var eit alternativ til pkt. 1 i SP sitt framlegg:

1) nedlegginga av Austeffjord ungdomsskule vert utsett, og skal handsamast seinast på ny i forkant av budsjett for 2020.

Magny Fylling tok sete som vara for Erlend Krumsvik. Det var 27 røysteføre til stades. Etter ei stund tok Erlend Krumsvik sete, og Magny Fylling gjekk.

Det vart halde gruppemøte.

Rebecca Riise Bjerknes kom med nytt fellesframlegg på vegne av SP, FRP, KRF og MDG:

Kommunestyret meiner at 7 elevar ved ein ungdomsskule er for lite. Kommunestyret kan likevel ikkje gjennomføre ei nedlegging av Austeffjord ungdomsskule med den skuleskyssen som er skissert i dag.

1) Nedlegging av Austeffjord skule vert utsett og skal handsamast i budsjett for 2020.

2) kommunestyret ber administrasjonen utgreie fullstendige kostnader med eigne tilbringarruter frå Høydalen, Osdalen og direkterute til og frå ungdomsskulen forkant av ny handsaming

3) kommunestyret ber administrasjonen gå i nye forhandlingar med fylket om ein betra skuleskyss for Austeffjordelevane

4) Kommunestyret bed administrasjonen jobbe vidare med ei avklaring frå Ørsta med tanke på Bjørkeelevane.

5) det skal setjast ned ei arbeidsgruppe som jobbar i lag for å få til ei best mogleg og langsiktig løysing for ungdomsskuleelevane frå Austeffjorden. Gruppa skal bestå av ein frå administrasjonen, ein foreldrerepresentant og ein politikkrepresentant. Administrasjonen kallar inn til fyste møte.

6) Tapte innsparingar vert dekkja av ubundne disposisjonsfond.

Prøverøysting:

Ved alternativ røysting mellom tilrådinga frå formannskapet og fellesframlegget frå SP, FRP, KRF og MDG, fekk fellesframlegget 20 røyster. Tilrådinga frå formannskapet fekk sju røyster.

Røysting:

Ved alternativ røysting mellom tilrådinga frå formannskapet og fellesframlegget frå SP, FRP, KRF og MDG, fekk fellesframlegget 21 røyster og vart vedteke. Tilrådinga frå formannskapet fekk seks røyster og fall.

Vedtak i Kommunestyret - 28.01.2016

Kommunestyret meiner at 7 elevar ved ein ungdomsskule er for lite. Kommunestyret kan likevel ikkje gjennomføre ei nedlegging av Austeffjord ungdomsskule med den skuleskyssen som er skissert i dag.

1) Nedlegging av Austeffjord skule vert utsett og skal handsamast i budsjett for 2020.

2) kommunestyret ber administrasjonen utgreie fullstendige kostnader med eigne tilbringarruter frå Høydalen, Osdalen og direkterute til og frå ungdomsskulen forkant av ny handsaming

3) kommunestyret ber administrasjonen gå i nye forhandlingar med fylket om ein betra skuleskyss for Austeffjordelevane

4) Kommunestyret bed administrasjonen jobbe vidare med ei avklaring frå Ørsta med tanke på Bjørkeelevane.

5) det skal setjast ned ei arbeidsgruppe som jobbar i lag for å få til ei best mogleg og langsiktig løysing for ungdomsskuleelevane frå Austeffjorden. Gruppa skal bestå av ein frå administrasjonen, ein foreldrerepresentant og ein politikkrepresentant. Administrasjonen kallar inn til fyste møte.

6) Tapte innsparingar vert dekkja av ubundne disposisjonsfond.

PS 7/16 Retningsliner for utmåling av kommunalt tilskot til private barnehagar f.o.m. 2016

Tilråding i formannskapet - 19.01.2016 til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek "Retningsliner for utmåling av kommunalt tilskot til private barnehagar f.o.m 2016" som dei ligg føre.

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 28.01.2016

Kommunestyret vedtek "Retningslinjer for utmåling av kommunalt tilskot til private barnehagar f.o.m 2016" som dei ligg føre.

PS 8/16 Målbruksplan - Volda kommune

Tilråding i formannskapet - 19.01.2016 til kommunestyret:

Kommunestyret godkjenner målbruksplan for Volda kommune slik den ligg føre som vedlegg 1 i saka.

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 28.01.2016

Kommunestyret godkjenner målbruksplan for Volda kommune slik den ligg føre som vedlegg 1 i saka.

PS 10/16 Rådgjevande folkerøysting om intensjonsplan for å slå saman Volda kommune og Ørsta kommune

Tilråding i valstyret - 19.01.2016 til kommunestyret:

- 1. Det skal gjennomførast rådgjevande folkerøysting i spørsmålet om samanslåing av kommunane Volda og Ørsta.*
- 2. Folkerøystinga finn stad torsdag 19. mai 2016.*
- 3. Valstyret får ansvaret for den praktiske gjennomføringa av folkerøystinga.*
- 4. Røysteretten følgjer vilkåra for røysterett ved fylkestingsval og kommuneval (valgloven § 2-2 (1) og (2). I tillegg har alle som fyller 16 år i løpet av valåret (født 2000) røysterett så fremt dei for øvrig fyller vilkåra. For å utøve røysterett, må veljare vere innført i kommunen sitt manntal seinast 29. februar (: skjeringsdato).*

5. *Det skal innhentast eit manntal som inneheld alle som har røysterett pr 29. februar 2016.*
6. *Valstyret får fullmakt til å bestemme den endelege utforminga av røystesetlar, likevel slik at røystesetlane blir lik i begge kommunane.*
7. *Det skal leggst til rette for førehandsrøysting i perioden fredag 29 april.- fredag 13. mai 2016. Valstyret skal oppnemne røystemottakarar og legge til rette for førehandsstemming i tråd med valloven § 8-2 til § 8-5.*
8. *Valstyret får også delegert fullmakt til å utarbeide ei prosedyre for røysting pr post i same periode som førehandsrøystinga. Prosedyren må vere lik for Volda kommune og Ørsta kommune.*
9. *Valstyret avgjer kor røystinga på valdagen skal skje, fastset tid for røystegjeving og vel røystestyre.*
10. *Føresegnene i kapittel 10 i valloven om godkjenning av røystesetlar, oppteljing og protokollering skal leggst til grunn så langt det er relevant.*
11. *Valstyret skal utarbeide ei prosedyre for å handsame eventuelle klagar på røystinga, i tillegg til å avklare ekstern ankeinstans. Prosedyren må vere den same i begge kommunane.*
12. *Det er ei føresetnad at det blir gjort likelydande vedtak i begge kommunane.*

Handsaming:

Ordføraren informerte kort om status i arbeidet med forhandlingane om intensjonsavtalen mellom Volda og Ørsta.

Fride Schjølberg Sortehaug, V, kom med fylgjande alternativt framlegg til pkt. 6:

6. *Valstyret får fullmakt til å bestemme den endelege utformina av røystesetlar.*

Røysting:

Pkt. 1-5 og 7-12 i tilrådinga frå valstyret vart samrøystes vedteke.

Ved alternativ røysting mellom pkt. 6 i tilrådinga frå valstyret og framlegget frå Fride S.

Sortehaug, fekk tilrådinga frå valstyret 21 røyster og vart vedteke. Framlegget frå Sortehaug fekk seks røyster og fall.

Vedtak i Kommunestyret - 28.01.2016

1. *Det skal gjennomførast rådgjevande folkerøysting i spørsmålet om samanslåing av kommunane Volda og Ørsta.*
2. *Folkerøystinga finn stad torsdag 19. mai 2016.*
3. *Valstyret får ansvaret for den praktiske gjennomføringa av folkerøystinga.*
4. *Røysteretten følgjer vilkåra for røysterett ved fylkestingsval og kommuneval (valgloven § 2-2 (1) og (2). I tillegg har alle som fyller 16 år i løpet av valåret (født*

2000) røysterett så fremt dei for øvrig fyller vilkåra. For å utøve røysterett, må veljare vere innført i kommunen sitt manntal seinast 29. februar (: skjeringsdato).

- 5. Det skal innhentast eit manntal som inneheld alle som har røysterett pr 29. februar 2016.*
- 6. Valstyret får fullmakt til å bestemme den endelege utforminga av røystesetlar, likevel slik at røystesetlane blir lik i begge kommunane.*
- 7. Det skal leggst til rette for førehandsrøysting i perioden fredag 29 april.- fredag 13. mai 2016. Valstyret skal oppnemne røystemottakarar og legge til rette for førehandsstemming i tråd med valloven § 8-2 til § 8-5.*
- 8. Valstyret får også delegert fullmakt til å utarbeide ei prosedyre for røysting pr post i same periode som førehandsrøystinga. Prosedyren må vere lik for Volda kommune og Ørsta kommune.*
- 9. Valstyret avgjer kor røystinga på valdagen skal skje, fastset tid for røystegjeving og vel røystestyre.*
- 10. Føresegnene i kapittel 10 i valloven om godkjenning av røystesetlar, oppteljing og protokollering skal leggst til grunn så langt det er relevant.*
- 11. Valstyret skal utarbeide ei prosedyre for å handsame eventuelle klagar på røystinga, i tillegg til å avklare ekstern ankeinstans. Prosedyren må vere den same i begge kommunane.*
- 12. Det er ei føresetnad at det blir gjort likelydande vedtak i begge kommunane.*

PS 11/16 Oppfølging vedtak punkt 22 i budsjett 2016 - Organisering av prosessar for frigjering av ressursar

Tilråding i formannskapet - 19.01.2016 til kommunestyret:

Kommunestyret godkjenner prosess med organisering, mandat og framdriftsplan slik det er skissert i saksutgreiinga.

Kommunestyret oppnemner følgjande politiske medlemmer i arbeidsgruppene

- oppvekst 1).....2) 3).....*
- helse og omsorg 1).....2) 3).....*
- tekniske tenester 1).....2) 3).....*

- eigedomsforvaltning 1).....2) 3).....

Det etablerte trepartssamarbeidet vert gruppa som får ansvar for gjennomgang av strategiar og tiltak for utvikling av arbeidsmiljø.

Handsaming:

Erlend Krumsvik, KRF, kom med fylgjande alternativt framlegg:

Kommunestyret ber rådmannen om å starte opp arbeidet med budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020 så raskt som råd.

- a) Rådmannen skal identifisere strategiar og tiltak som frigjer ressursar etter dei føringar og målsettingar som er i gjeldande økonomiplan. Utgreiingsarbeidet ligg til administrasjonen.*
- b) Det står sentralt å realisere kortsiktige tiltak og langsiktige strategiar for å nå dei mål, strategiar og handlingsprogram som er vedtatt i kommuneplanen.*
- c) Utfallet av kommunereforma skal prege arbeidet når kommunale vedtak er klare.*
- d) Ingen strategiar, tiltak eller etablerte arbeidsmåtar er skjerma for utgreiing.*
- e) Rådmannen skal ha ein kontinuerlig dialog med Driftsstyret fram til og med august 2016, for å orientere og drøfte ulike tiltak og strategiar som er formålstenleg for arbeidet.*
 - a. Det skal førast møtebok frå dialogmøta med Driftsstyret.*
 - b. Medlemmane i Driftsstyret kan få tilbod om særleg opplæring i samband med dette arbeidet.*
- f) Frå august 2016 blir den politiske forankringa overført til Formannskapet, som vidareførar arbeidet også i lys av utfallet i kommunereforma.*
- g) Det etablerte trepartssamarbeidet vert gruppa som får ansvar for gjennomgang av strategiar og tiltak for utvikling av arbeidsmiljø.*

Kommunestyret ber om å få referatsaker frå framdrifta i arbeidet, og elles orientert som ved ein normal budsjettprosess.

Ordføraren kom med fylgjande framlegg som blir å rekne som eit utsettingsframlegg:

Kommunestyret gir formannskapet fullmakt til å godkjenne prosessen med organisering, mandat og framdriftsplan med grunnlag i saksutgreiinga, forslag frå Krf og debatten

Odd A. Folkestad, Jenny Venås og Margrete Trovåg fekk permisjon og gjekk. Det var 24 røysteføre til stades i framhald av møtet.

Røysting over utsettingsframlegget:

Framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 28.01.2016

Kommunestyret gir formannskapet fullmakt til å godkjenne prosessen med organisering, mandat og framdriftsplan med grunnlag i saksutgreiinga, forslag frå Krf og debatten

PS 12/16 Søknad om fritak frå verv i kontrollutvalet - Håvard Strand

Tilråding i Valnemnda - 28.01.2016 til kommunestyret:

Kommunestyret vel Inge Alexander Bruheim som nytt medlem i kontrollutvalet for perioden 2015-2019.

Som nytt varamedlem vert Alinde Marie Bjørkedal valt.

Som ny nestleiar vert Solfrid Førde valt.

Handsaming:

Åshild Vik fekk permisjon og gjekk. Det var 23 røysteføre til stades i framhald av møtet.

Leiar i valnemnda, Hild Våge, refererte munnleg tilrådinga frå valnemnda som hadde møte i ein pause.

Røysting:

Tilrådinga frå valnemnda vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 28.01.2016

Kommunestyret vel Inge Alexander Bruheim som nytt medlem i kontrollutvalet for perioden 2015-2019.

Som nytt varamedlem vert Alinde Marie Bjørkedal valt.

Som ny nestleiar vert Solfrid Førde valt.

PS 13/16 Orienteringssaker

Handsaming:

Røysting:

Ingen hadde noko å merke til orienteringssakene.

PS 14/16 Delegerte saker frå avdelingane

Handsaming:

Røysting:

Ingen hadde noko å merke til dei delegerte sakene frå administrasjonen.

Møtet slutt kl. 19:45.

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
29.01.2016

Unni Strand
sekr.